

# Vedtekter for Kystvegen Ålesund - Bergen

(Kystvegen)

Kystvegen er ein samarbeidsorganisasjon for kommunar, organisasjonar og verksemder som støttar føremålet. Organisasjonen skal drivast i samsvar med fylgjande vedtekter:

§1. Organisasjonen sitt namn er Kystvegen Ålesund - Bergen. Organisasjonen søkjer om å bli registrert i Brønnøysund med eige org. nr. Styret teiknar organisasjonen.

§2. Føremålet er å arbeide for ein samanhengande veg av god riksvegstandard, etter ei ytre linje gjennom kystregionen frå Ålesund til Bergen. Organisasjonen skal ikkje ha forretningsmessig verksemd som føremål.

§3. Medlemmer er kommunar, verksemder og organisasjonar som ynskjer å arbeide for føremålet. Desse betalar den kontingenten som vert fastsett av årsmøtet og aksepterer organisasjonen sine vedtekter og vedtak som vert gjort i samsvar med desse vedtektene. Innmelding og utmelding skal vere skriftleg.

§4. Årsmøtet er organisasjonen sitt øvste mynde. Årsmøtet skal haldast kvart år i løpet av første halvår. Styret kallar inn årsmøtet med minst 3 vekers varsel. Styret legg fram for årsmøtet årsmelding og revidert rekneskap. Årsmøtet vel styre, styreleiar og nestleiar og handsamar andre saker som styret legg fram. Alle medlemmer som har betalt kontingent for inneverande år har røysterett. Kvar medlem har ei røyst.

§5. Organisasjonen skal ha eit styre på 5 til 7 medlemmer med 4 vararepresentantar i rekkefylgje (ikkje personlege). Styret vert vald på årsmøtet etter tilråding frå ei valnemnd. Årsmøtet vel valnemnd for eitt år om gangen. Styreleiar og nestleiar vert valde av årsmøtet.

§6. Styret avgjer om, og i kva omfang, organisasjonen skal tilsetje eller leige inn administrative tenester.

§7. Styret møter så ofte som det er trong for det. Styreleiar kallar inn og set opp sakliste. Styremøte kan haldast som telefonmøte eller gjennom annan elektronisk kommunikasjon. Styret er vedtaksført når minst 2/3 av medlemmene er tilstades. Det skal først referat frå styremøta.

§8. Årsmøte fastset kontingenten for fylgjande år. Kontingenten kan graderast etter storleik på medlems kommune, verksemd og organisasjon.

§9. Val og vedtak kan gjerast med vanleg fleirtal.

§10. Årsmøtet kan med 2/3 fleirtal vedta å leggje ned organisasjonen.

Vedteke i stiftingsmøte i Bergen den 8. mars 2010

*Jan Helgøy*  
*Hannelore Våseide*

*Hans Kule Holstad*  
*T. Brønnøysund*  
*Jan Erik Dege*

*Jan Helge*  
*Nils Martin Aal*  
*Don Brønnøysund*  
*Gunn Anddal Mongstad*  
*Per Sild*  
*T. R. H.*